

BACHELOROPPGÅVE

Førde 1965

- vegen fram til etablering av vekstsenter.

av

Kandidatnummer: 401
Sigbjørn Løland Torpe

Namnet på studiet: Historie bachelor


Emnekode: SA 523

Månad og årstal: Mai 2013

Bacheloroppgåve i Historie:

Førde 1965

– vegen fram til etablering av vekstsenter.



(Illustrasjon: Fylkeskart over Sogn og Fjordane)¹

¹ Biletet er henta frå <http://gfx.nrk.no/EZK7C7zd5bZMQijQO46JIQphJJz306DWE5ImS3hDHDyA.jpg> (Sett den 23.05.13). Biletet er fiksa på og merka med namnet Førde).

Innholdsliste

1.0. Innleiing	3
1.1 Problemstilling og avgrensing:	4
1.2 Metode, kjelder og litteratur	4
Del 1. Allmenn framstilling: Distriktpolitikk og vekstsenter.	4
Del 2. Spesifikk framstilling: Førde som vekstsenter	5
1.3 Skriftlege kjelder	6
1.4 Munnleg kjelder	7
Del 1. Allmenn del:	8
2.0 Distriktpolitikk etter krigen	8
2.1 Etableringa av Distriktenes utbyggingsfond	10
2.2 Vekstsentertankegangen	11
2.3 Debatt om vekstsenter på nasjonalt nivå	12
Del 2. Den spesifikke framstillinga: Utpeikinga av Førde som vekstsenter	14
4.0 Initiativet	14
4.1 Vedtaksprosessen i fylket	14
4.2 Talspersonar for vekstsenter i det offentlege ordskipfte.....	15
4.3 Motførestellingar: Kor sterke var dei?	16
4.4 Kva var motivasjonen til å etablere vekstsenter?	18
4.5 Folketalsutvikling	18
4.6 Samferdsle.....	19
5.0 Kva skjedde etter at Førde fekk vekstsenterstatus?	20
5.1 Etablering av SIVA og vegen vidare.....	21
6.0 Avslutning	22
6.1 Etterord	24

7.0 Litteraturliste og kjelder	25
7.1 Skriftlege kjelder:	25
7.2 Sekundærkjelde:	25
7.3 Primærkjelde:	26
7.5 Offentlege dokument - arkiv:	26
7.6 Munnleg kjelde:	27

1.0. Innleiing

Onsdag den 21. april 1965 gjorde Fylkesutvalet vedtak om at Førde skulle verte vekstsenter. Dette blei kunngjort både i lokalavisa Firda den 23. april¹, og påfølgjande vekedagar i fleire lokalaviser i fylket Sogn og Fjordane. I den store samanheng var vekstsenterstatus, det som i første omgang blei kalla prøvesenter. Det var ein del av ei distriktpolitisk satsing frå Regjeringa Gerhardsen, der målsettinga var å skape livskraftige vekstsenter for å redusere fråflyttinga frå distrikta og inn til byane. Det var i alt ni stader kring om i landet som blei peika ut som vekstsenter. Førde var ein av dei som blei peika ut (Starheim 2009, s. 776). I bøker som tek for seg Førde si historie som t.d. i Torkjell Djupedal si bok: «Førde – kulturhistorisk vegvisar», står det m.a. følgjande om utpeikinga av vekstsenter: «Året 1965 var eit merkeår for Førde (...)» (Djupedal 1997, s. 41).

Denne utpeikinga har blitt framheva som ei særskild viktig hending for Førde. Men først, kvifor var dette ei viktig hending? I Fylkesleksikon – Sogn og Fjordane, skrive av Ottar Starheim, er han ikkje snauare i sin omtale av Førde sin vekstsenterstatus slik:

“(...) Ingen stader vart denne satsinga så vellukka som i Førde, som på eit par tiår bygde seg opp til å verte det største handels- og servicesenteret mellom Bergen og Ålesund» (Starheim 2009, s. 776)“.

Det seier då ikkje lite om kva betydning denne statusen har hatt for utviklinga. Den har blitt ein del av den store forteljninga om Førde. Men, er det nok? Då kan det vere interessant å sjå på kva som var årsaka til at akkurat Førde vart peika ut. Det er eit emne som har kome lite fram i tidlegare historieskriving om Førde. Det blir utgangspunktet mitt for å finne ut i denne oppgåva. Førde er min heimstad, og eg har eit personleg motiv for å finne ut om dette, ut i frå eiga interesse, samstundes så kan dette vere av allmenn interesse. Eg trur at det er viktig å formidle allmenn lokalhistorie med å forklare årsakssamanhengen til at Førde blei peika ut for å forstå kvifor Førde har blitt som det har blitt. Sjølv om dette er ei lokalhistorisk skildring av ei hending, så kan ein sjå denne hendinga i lys av regionalhistoria til Sogn og Fjordane. Førde er trass alt ein del av fylket, og dette er ein del av fylket si søge. Så kan ein og seie at vekstsenterutpeikinga faktisk var del av ein større heilskap (Kjeldstadli 2010, 152). Det var del av eit nasjonalt prosjekt som vart fremja av regjeringa Gerhardsen, under Kommunal- og

¹ Firda: 23.04.65

arbeidsdepartementet, der fleire fylke blei involvert til å peike ut sine vekstsenter, og som Førde vart ein del av.

1.1 Problemstilling og avgrensing:

Det sentrale her blir å sjå nærare på kva som var årsaka til at Førde blei peika ut. For det første å sjå tilhøva ut i frå at dette var ein at del av distriktspolitikken i Noreg etter 1945. Korleis vart vekstsentertankegangen fremja, og kva for erkemiddel blei brukt for å få det til? Så vert det å sjå nærare på prosessen for utpeikinga av dei som fekk status. Kva var årsaka til kvifor akkurat Førde vart peika ut og? Korleis vart dette motteke i fylket og lokalt? Til slutt vil eg sjå litt nærare i grove trekk på kva som skjedde i åra etterpå, og kvifor var vekstsenterstatusen viktig for seinare utvikling? I hovudsak kjem eg til å konsentrere meg om sjølve årsakene og sjølve prosessen fram til vedtaket om at Førde skulle bli vekstsenter.

1.2 Metode, kjelder og litteratur

I arbeidet med denne oppgåva er det fleire måtar å få fram kunnskap om dette emnet. Det er å finne ut kva som har vore skrive tidlegare og gjennom kjeldekritikk gjere ei vurdering av dei kjeldene som er nytta. I arbeidet har eg både brukt skriftlege og munnlege kjelder; bøker, aviser, saksdokument og intervju. I første omgang har eg gått gjennom sekundærkjelder for å få oversikt, og deretter primærkjelder, supplert med sekundærkjelder der ikkje primærkjeldene strekk til, eller for å prøve å forklare samanhengen i emnet Førde som vekstsenter. Framstillinga mi vert kronologisk frå den overordna distriktspolitikken til Gerhardsen-regjeringa som allment fenomen, og kva verkemiddel som blir brukt til det meir spesifikke som tek utgangspunkt i det som skjer i Førde, som er ein del av Sunnfjord-regionen og Sogn og Fjordane og geografisk ligg midt i Fylket. Utgangspunktet for framstillinga er lokalhistorie, i ein større samanheng og ei regionalhistorie. I den store forteljinga har ein gjerne hoppa over sjølve prosessen og har vore meir oppteken av å få fram verknaden og gjerne konsekvensane av tildelinga (Kjeldstadli 2010, 152). Så meir konkret, korleis har eg gått fram? Oppgåva vert soleis todelt mellom allmenn- og spesifikk del. Då må ein gå inn på val av litteratur, og eg har m.a. lagt vekt på å finna relevant litteratur som kan vere aktuell frå det generelle, det overordna til det enkelte.

Del 1. Allmenn framstilling: Distriktspolitikk og vekstsenter.

I første delen av oppgåva tek eg for meg generelt om distriktspolitikk etter krigen, opprettinga om Distriktenes utbyggingsfond, i tillegg til emnet om vekstsenter. I hovudsak

har eg brukt sekundærkjelder i denne delen. Bøker som eg har nytta er Håvard Teigen som kjelde i utgangspunkt i dei to artiklane «Distriktpolitikk gjennom 50 år – Strategiane og avviklinga» og «Distriktpolitikken historie: Frå nasjonal strategi til regional fragmentering?», supplert med boka: "Regional økonomi og politikk" (Teigen 1999)². I tillegg har eg supplert med Øyvind Thomassen si avhandling "Herlege tider" (Thomassen 1997) for å få fram den store samanhengen i dette emnet. I drøftingsdelen vel eg å bruke boka til Jostein Nyhamar «Arbeiderbevegelsens historie i Norge» (Nyhamar 1990)³ og «Motstraums – Senterpartiet si historie» til Roar Madsen (Madsen 2001)⁴, for å samanlikne deira to ulike framstillingar av distriktpolitikk og vekstsenter og grunnlaget for etableringa av Distriktenes Utviklingsfond (DU). Så skal det nemnast at desse omtala bøkene til Teigen og Thomassen og er viktige som inngangsport for den spesifikke delen som dreiar seg om samanhengen i forklaringa av korleis Førde blei som vekstsenter.⁵

Del 2. Spesifikk framstilling: Førde som vekstsenter

I denne oppgåveframstillinga mi har eg som utgangspunkt valt primærkjelder basert på dokument frå samtida, 1965, kombinert med aviser, og munnleg kjelde. Først om sekundære kjelder for å finne ut det som har vore skrive tidlegare om emnet Førde som vekstsenter, og å få oversikt kva det går ut på til hjelp for finne samanheng. Dei bøkene eg har teke for meg er "Førde – kulturhistorisk vegvisar" av Torkjell Djupedal (Djupedal 1997) og «Fylkesleksikon – Sogn og Fjordane», skrive av Ottar Starheim (Starheim 2009). Det som er felles med dei to bøkene er at dei byggjer på kvarande. Djupedal si bok er den eldste av dei. Forteljninga vert framstilt slik at Førde vert peika ut som vekstsenter av regjeringa Gerhardsen. Dette blir sett på som det store gjennombrøtet med utviklinga av skipsverft og anna utvikling som kom seinare. I det som tidlegare har vore skrive om Førde som vekstsenter, har det etter det eg har registrert vore lite om sjølve prosessen fram til vedtak. Kva er grunnen til det? For å

² Viser til Håvard Teigen sin artikkelsamling: "Distriktpolitikk gjennom 50 år – Strategiane og avviklinga (2011) og Distriktpolitikken historie: Frå nasjonal strategi til regional fragmentering? (2012)

³ Jostein Nyhamar (1922-1991) Ap-politikar, journalist og redaktør. Meir om han finst på denne lenkja her: http://nbl.snl.no/Jostein_Nyhamar/utdypning

⁴ Roar Madsen, historikar tilsett som oppdragsforskar ved Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU) i Trondheim. Lenkje: <http://www.ntnu.no/ansatte/roarma>

⁵ Litt om bakgrunnen til Teigen og Thomassen. Håvard Teigen er siviløkonom med høgare avdeling i økonomisk historie, professor i regional økonomi og politikk. Kjelde: Høgskolen i Lillehammer. Lenkje:

http://www.hil.no/om_hoegskolen/organisasjon/fagavdelinger/oekonomi_og_organisasjonsvitenskap/faglig_ansatte/haavard_teigen

Øyvind Thomassen, professor ved Institutt for historiske studier ved Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU) i Trondheim.

Lenkje: <http://www.ntnu.no/ansatte/oyvind.thomassen>

finne det ut vert det å søkje i primærkjelder, både skriftlege og munnlege framstillingar av ulike saksforhold kring utpeikinga av vekstsenter.

1.3 Skriftlege kjelder

Skriftlege kjelder står sentralt i dette arbeidet. Om ein tek utgangspunkt i skriftlege framstillingar, som aviser og dokument, slik dei gjerne spegla samtida, blir det interessante då særleg korleis avisene i på den tida stilte seg til denne saka om vekstsenter. Eg vil likevel gjere lesaren av denne oppgåva merksam på at eg kjem og til å bruke ordet prøvesenter som eit anna ord for vekstsenter sidan denne nemninga og førekjem i saksdokument og i aviser frå 1965 (Kjeldstadli 2010, s. 152). La oss sjå litt nærare på desse kjeldene.

Aviser

I arbeidet har eg lese gjennom fleire aviser i frå 1965 for å finne ut korleis medieomtalen var kring denne saka. Eg valde å prioritere lokalavisene i Sogn og Fjordane. Dei eg tok for meg var: Sogningen, Sogn og Fjordane, Firda, Firdaposten, Firda Folkeblad og Fjordabladet som venteleg kunne ha omtale om Førde.⁶ Desse lokalavisene representerer Sogn, Sunnfjord og Nordfjord. I utgangspunktet gjekk eg gjennom avisene i åra 1964-65, men valde i hovudsak å prioritere å fokusere på perioden april-mai 1965, perioden frå kunngjering om vekstsenter og til vedtaket blei fatta, for å finne eventuelle medieomtalar om denne saka. Ut i frå min observasjon så viste Firda seg svært aktiv i omtale om vekstsenter, pressemeldingar, intervju med sentrale personar og innlegg. Kanskje det ikkje var unaturleg sidan dekkingsområdet for Firda var (og er det framleis) Sunnfjord og Ytre Sogn. Dei nemnde avisene refererte til kunngjeringa og vedtaket.

Eg valde vekk riksavisene sidan eg diverre ikkje hadde kapasitet til å gå gjennom dei. Samstundes trur eg at det neppe var noko særleg å hente der kring denne saka. I avisene fann eg opplysning om det aktuelle Fylkesutvalsmøtet med dato. For å gå nærare innpå korleis sakshandsaminga var på den tida så kan arkivet vere ein stad å starte, i tillegg kan det vere grunn til å vere obs på kjeldekritikk. (Kjeldstadli 2010, s.165).

Arkiv

Arkiv inneheld skriftlege framstillingar som gjerne faktisk speglar av samtida, då skrivinga skal vere ein best mogleg dokumentasjon for bestemte hendingar. Slike dokument kan vere

⁶ Firda: 02.04.65, 23.04.65, 09.06.65. Sogningen, Firda Folkeblad 23.04.65. Firdaposten, Fjordabladet 23.04.65

nyttige, sidan dei kan gje ein peikepinn kor omfattande saka var, og korleis saksgangen var i kommunen, og kor aktive kommunen var i si rolle overfor fylke og stat, og eventuelt andre aktørar som var med. Forholda mellom administrasjon og folkevalde kan og vere eit moment i denne saka. Eg var i kontakt med Fylkesarkivet og fekk tilsendt ein kopi av den aktuelle saka frå møteprotokollen frå det aktuelle Fylkesutvalsmøtet den 21. april 1965 med saksomtale og vedtak⁷. Så kontakta eg Statsarkivet for meir opplysningar om fylkesmannen si vurdering av saka, og om rolla til arkivet til Distriktenes utbyggingsfond kontakta eg Statsarkivet i Bergen. Først har eg ikkje fått svar frå dei, om dei har funne informasjon om denne saka. Eg var i kontakt med kommunearkivet til Førde for å finne ut korleis kommunen hadde stilt seg til denne saka. Der skulle vise seg at arkiveringssystemet frå den tida var noko mangelfullt og rotete. Dei som jobba på arkivet der fann berre møteprotokollen for Formannskapet, og dokumentopplysningar var rapportar om Førde, søknad om økonomisk støtte til planlegging, førespurnad om lokaliseringsregister frå Fylkesmannen, og Stadfesting frå Arbeids- og kommunaldepartementet om prøvesenterstatus, men møtebokprotokoll frå kommunestyret frå 1965 fann dei ikkje. Det er grunn til å tru at saka ikkje har vore gjennom vedtaksorgana til kommunen i kommunestyret eller i formannskapet med slike opplysningar som kan danne ramma for denne saka etter vekstsenterstatus og kva det inneber.

For å summere det slik så kan både aviser i lag med saksdokument vere ei god kjelde for informasjon, og på sett og vis kan aviser vere ei lenkje til søk på bestemte dokument, og det kan vere med på å tette hol i brotstykkane kring framstillingane (Kjeldstadli, 2010, s. 154-155).

1.4 Munnleg kjelder

I tillegg til skriftlege kjelder valde eg å bruke intervju/samtale for å få eit overblikk over situasjonen og supplere det som ikkje står med tanke på kva vedkomande tenkte og gjorde på den tida, samstundes som det kan gje meir utfyllande informasjon, og det kan vere ei viktig røyst som kan vere utfyllande av ting som har kome fram i oppgåva.

Eg har vore i kontakt med Reidar Tveit (f. 1921)⁸, han har vore tidlegare ordførar i Førde frå 1968-1979. Han starta sin politiske karriere hausten 1967 og blei ordførar frå 1.1.1968. Sjølv om han ikkje var politikar då Førde blei utpeika, så hadde han kjennskap til saka på den tida,

⁷ Møteprotokoll for Fylkesutvalet den 21. april 1965, saknr. 98/1965 Distriksplanlegging – utvikling av sentra i Sogn og Fjordane.

⁸ Reidar Tveit, var tidl. ordførar i Førde frå 1968 til 1980, http://www.nrk.no/sf/leksikon/index.php/Reidar_Tveit

og fekk verknadane av vekstsenterstatusen rett i fanget. Han var ein sentral aktør i vekstsenterutviklinga i Førde. Gjennom tida har han samla ein del dokument om utgreingar om Førde som prøvesenter. Ut frå sin ståstad kan ein seie at han er ein berar av Førde si historie. Historikar Finn Borgen Førsund i 2001, har ei samling av intervju, bl.a. med Reidar Tveit og tidlegare rådmann Lars Askevold og ei rekkje sentrale aktørar som hadde noko å seie for utviklinga av Førde i frå 1960 og 1980 åra⁹. Den samlinga fekk eg låne til bruk i denne oppgåva. Intervjuet som eg gjorde med Tveit og intervjusamlinga til Førsund kan gje ein meir utfyllande bakgrunn for informasjon om denne perioden. Den vil riktig nok vere ei autorisert og ikkje ei objektiv framstilling. Men det kan både vere ein god måte å orientere seg på og få ein oversikt om emnet og i tillegg spore opp nye kjelder og vurdere og velje kva som er relevant litteratur. Intervju med personar som har kjennskap til eller er involvert i denne prosessen kan soleis vere nyttig og opne opp for nye problemstillingar og eventuelt korrigerer av opplysningar. Det som ein bør ta med i kjeldekritiske vurderinga er at samtalar kan vere prega av samtida, forenkling av opphavssituasjonen og i nokre tilfelle forskyve hendingar fram i tid (Kjelstadli, 2010, s. 196). Men hendingar som er plassert lengre fram i tid kan i nokre tilfelle vere interessant, dersom ein tek for seg eit emne over eit lengre tidsrom, eller eit nytt emne som kan passe inn. La oss gå nærare inn på emnet vekstsenter. Det kan vere interessant å finne ut korleis dei ulike instansar argumenterte i denne prosessen.

Del 1. Allmenn del:

2.0 Distriktpolitikk etter krigen

Kort – kva er distriktpolitikk? Håvard Teigen skil mellom eksplisitt distriktpolitikk og implisitt distriktpolitikk. Eksplisitt går ut på å knyte mål og verkemiddel som er differensiert etter region. Vekselvis har den vore kalla den vesle eller den smale distriktpolitikken, sidan dette området reint politisk er avgrensa, og løyvingane er små. Den implisitte distriktpolitikk er summen av løyvingar og reguleringar som både fordeler og omfordeler

⁹ Finn Borgen Førsund, Førde tettstad 1950 til 1980 – intervjusamling, 2001. Lars Askevold var rådmann i Førde frå 1968 til 1988, kjelde: http://www.nrk.no/sf/leksikon/index.php/Lars_Askevold

regionalt. Det kan vere løyvingar til kommunane. Samferdsel og landbrukspolitikk vert rekna som ein implisitt distriktpolitikk. Dei vert rekna for større og breiare og vert då kalla «den store og breie» distriktpolitikken, og skulle då per definisjon dekke heile landet (Teigen, 2012)¹⁰. Heile etterkrigstida frå 1945 var prega av atterreising. I tillegg føregjekk det eit omfattande moderniseringsprogram der effektivitet og solidaritet, i tillegg til fridom og likskap, blei retningsgivande verdiar, og effektiv rasjonalisering var den nye tids løysing. Det vart vedteke landsdelsplanar som til dømes Nord-Norgeplanen (NNP). Desse statlege industrireisings-prosjekta gjekk over to bolkar. Det eine var Norsk Jernverk og AS Årdal Verk (1946), i 1951 med Årdal Verk sin bedrift på Sunndalsøra som vart ÅSV (Årdal og Sunndal Verk). I tillegg stod staten for mindre verksemdar i Finnmark og Troms. Den neste fasen med statlege investeringsprosjekt var i 1961 med A/S Norsk Koksverk, ammoniakfabrikken ved koksverket og Rana Gruber. I tillegg tok staten rett etter krigen over ei rekkje bedrifter som hadde høyrte til tyske eigarinteresser. Oppbygginga av AS Sydvaranger var eit eksempel på dette (Teigen 1999, s. 188-189). Kanskje var industrien eit kjærkome tilskot for samfunnet? Om vi les boka til Jostein Nyhamer: «Arbeiderbevegelsens historie i Norge», skriv han m.a følgjande:

”Industrien, som lenge hadde vært en drivkraft i den sentraliserings- og konsentrasjonsprosessen som hadde funnet sted, ble av DNA og LO også utpekt til å være distriktenes ”redningsmann” (Nyhammar 1999, 242)”.

Denne utsegna kan tolkast slik at industrien var ikkje berre nøkkelen til økonomisk vekst på det makroøkonomiske plan, den skulle syte for at distrikta fekk sin del av veksten, og den skulle bidra til å halde oppe busettinga i landet. Nyhamar framstiller det slik at industripolitikken til Arbeidarpartiet, som heldt på fram til 1965, hadde klare distriktpolitiske dimensjonar. Industrireisinga som hadde føregått hadde som uttala mål å skape nye næringsgrunnlag for distrikta og å halde på busettinga. Både målet med Nord-Norge-planen, etablering av jernverket i Mo i Rana og opprettinga av Distriktenes Utbyggingsfond var meint til å skape næringsmessig og regional balanse (Nyhamar, 1990, s. 242-243). Var det slik i realiteten?

¹⁰ Artikkel Plan nr. 06/ 2011: Distriktpolitikken historie: Frå nasjonal strategi til regional fragmentering?, Henta frå <http://www.idunn.no/ts/plan/2011/06/arto8?highlight=Vekstsenter#highlight> (sett 09.04.13).

I boka til Håvard Teigen: «Regional økonomi og politikk», skriv Teigen at regionalpolitikken i denne perioden frå 1945 og fram til 1960 var prega av attreising og nasjonsbygging. Den offisielle politikken var at by og land skulle byggast ut gjennom industrireising. Verksemdene skulle so å seie vere motoren for utviklinga. Fokuset i distriktpolitikken var i realiteten i snever forstand konsentrert om Nord-Noreg, medan regionalpolitikken gjennom områdeplanlegging var ein politikk både for land og by. Det som kjenneteikna denne politikken var konsentrert satsing på industri og næring. Etter 1961 tok den statlege industrireisinga slutt. Dei neste tiåra vart det bygd opp eit landsomfattande distriktpolitisk forvaltnings- og verkemiddelsapparat. Dette kom i gang i samband med Distriktenes utbyggingsfond (Teigen 1999, s. 189-190). Ut i frå bøkene til Teigen og Nyhammar så kan det synast som at det vart lagt ulik vekt på korleis regionalpolitikken vart fremja og kva verknad det fekk.

2.1 Eableringa av Distriktenes utbyggingsfond

Distriktenes utbyggingsfond (DU) vart skipa hausten 1960. Årsaka til at DU blei skipa var at det var ein nasjonal strategi å skape vekst i næringssvake distrikt med stor fråflytting. Bakgrunnen for dette var ei aukande mekanisering og industrialisering av jordbruk, fiske og etter kvart skogbruk. Det førte til at behovet for menneskeleg arbeidskraft innan primærnæringane vart mindre, særleg råka dette dei små bruka. Industrireisinga var i frammarsj og nye næringar kom til. Det føregjekk soleis ei strukturrasjonalisering av primærnæringane, og mange flytta inn til storbyane. Det gjorde at busettingsmønsteret kom i endring. (Teigen, 2011)¹¹ Distriktenes utbyggingsfond blei oppretta for å inkludere heile landet og gjekk frå å vere eit industrifond til å gje aktivt bidrag til næringsutvikling ved hjelp av finansieringshjelp (lån og garantiar) og annan støtte. Teigen hevdar at DU var eit resultat av innsatsen til dei store nasjonale strategiane som og var regionale strategiar (Teigen, 2012)¹² Eit anna prosjekt som ville få mykje å seie for DU var opprettinga av vekstsenter. Kva var det?

¹¹ Teigen, artikkel: Distriktpolitikk gjennom 50 år – Strategane og aviklinga», Merk: I artikkelen er årstalet 1961, det rette årstalet retta til 1960 om hausten for å vere nøyaktig. Men kom vel ikkje skikkeleg i gang før 1961). http://www.idunn.no/ts/nnt/2012/02/distriktpolitikk_gjennom_50_aar_-_strategiane_og_aviklinga?highlight=Vekstsenter#highligt (sett 09.04.13)

¹² Teigen 2012, artikkel: Distriktpolitikk gjennom 50 år – strategane og avviklinga, henta frå: http://www.idunn.no/ts/nnt/2012/02/distriktpolitikk_gjennom_50_aar_-_strategiane_og_aviklinga?highlight=Vekstsenter#highligt (sett 09.04.13)

2.2 Vekstsentertankegangen

Ideen om vekstsenter var henta i frå utlandet. Den franske sosialøkonomen Francois Perroux lanserte vekstsenterideen «pôle de croissance» i 1950. Den britiske versjonen med utgangspunkt i den franske var growth pole. Denne regionpolitiske løysinga gjekk då ut på å etablere nye byar, New Towns, knytt til industrien. Det var byar som skulle avlaste dei store byane, dei tradisjonelle industrielle storbyane. Noreg henta denne ideen, men omforma den etter norske forhold. Først var det industrisenter, men då planane blei møtte med motbør, blei det endra til vekstsenter. Sosialøkonom Erik Brofoss var ein sentral person som hadde hovudansvar for det nasjonale utbyggingsorganet. Brofoss var den som henta ideen og vidareutvikla den i starten av 1960 åra, og tankegangen var industrisenter med hjørnesteinsbedrifter som skulle skape regional balanse, men det skulle endre seg, og ein innsåg at det ikkje var nok å byggje industribyar for å stogge flyttestraumen inn til storbyane. (Thomassen 1996, s. 494). Ideen om industrivekstanlegg etter britisk mønster, let seg ikkje gjennomføre under norske forhold. Det måtte gjerast nye grep for å stimulere til vekst i fråflyttingstruga område. Det var brei semje mellom dei ulike politiske partia om at noko burde gjerast. Men, spørsmålet var å peike ut vekstsenter, og sokalla prøvevekstsenter, og neste problemstilling var kor mange. Det dreia seg om sjølve prosessen for vedtaket og korleis sakshandsaminga føregjekk på den tida i 1965. Kva var så vekstsenter?

Om ein går nærare inne på omgrepet vekstsenter så finst det ulike omgrep. Erik Brofoss lanserte den ideen. Han la opp til ei tredeling av ulike typar senter. Den eine var Landssenter. Det var staden der det skulle vere verksemdar og funksjonar som skulle vere landsdekkande eller dekke fleire fylke. Der skulle det vere utdanningsinstitusjonar på universitetsnivå, forskingsinstitusjonar og større spesialiserte sentralsjukehus. Staden skulle vere eit samferdsleknutepunkt, og det skulle ha direkte handelssamband til utlandet. Noreg hadde då per definisjon berre tre byar som høyrde til denne kategorien. Det var Oslo, Bergen og Trondheim. Tromsø kunne få dersom dei fekk Universitet.¹³ Fylkessenter var det neste nivået. Der skulle fylkesadministrasjonen ligge og viktige statlege institusjonar skulle vere tilgjengelege. Der skulle det vere både vidaregåande skule og større sjukehus.¹⁴ På det

¹³ Tromsø fekk ikkje sitt Universitetet for i 1968, kjelde: http://uit.no/startside/uit/artikkel?p_document_id=69605 (sett 23.05).

¹⁴ Førde nyttar i dag denne definisjonen som fylkessenter, sjølv om storparten av fylkesadministrasjonen ligg på Hermannsverk på Leikanger. Førde har kulturadministrasjonen og Landbruksavdelinga for fylket. I tillegg til ei rekkje statlege institusjonar. Kjelde: <http://www.nrk.no/sf/leksikon/index.php/F%C3%B8rde> (sett 23.05.13).

lågaste nivået var det såkalla distriktssenter. Det vart då rekna for å vere vekstsenter. Det var den staden som gjerne måtte ha primære tenesteytande institusjonar, som handelscenter, særvis for bilar og annan industri (Thomassen 1996, s. 512). I utgangspunktet vert omgrepet prøvesenter nytta i offisiell bruk i 1960åra. Men sjølve ordet vekstsenter vert nytta som ein definisjon om kva det går ut på. Med tanke på leiting av søkjeord i arkivet om denne saka så har eg oppdaga at vekstsenter, per definisjon og har fleire namn. Ei opplysning eg fekk frå Fylkesarkivet frå den aktuelle møteboka til fylkesutvalet den 21 april 1965, saknr. 98/1965 Distriktsplanlegginga – utvikling av sentra i Sogn og Fjordane. Eg har i utgangspunkt valt å bruke vekstsenter i oppgåva mi, sidan det gjev ei meir konkret skildring av kva det går ut på. Men det ein skal vere klar over er at det fanst eit mangfald av ord på same definisjonen som: Prøvevekstsenter, prøvesenter, industrivekstsenter. Kvifor det var slik? Det fann eg ikkje noko eintydig svar på. Men det kan tyde på at ein ikkje var sikker på kva ord som skulle nyttast, sidan dette var eit nytt fenomen, og soleis var det truleg ikkje etablerte omgrep, og ein nytta då orda etter som det passa. Det kan vere at prøvesenter kan vere ei forenkling av ordet, prøvevekstsenter, så kan det kanskje vere ei pakke for undring, ei overrasking? Det vekte debatt i Stortinget der kommunalministeren Helge Seip måtte gjere greie for kva omgrepet dreia seg om (Firda, 1965). Målsettinga med prøvesenter kunne vere eit forsøk verdt å få ned fråflyttinga frå distrikta og inn i til byane. Industrivekstsenter eller forkorta som industrisenter, var ein snevare definisjon, og fungerte på stader der ein hadde fokus på å satse på industriutbygging. Offentleg oppføring av industrihus kan bli stor for industriverksemda. Kan denne saka vere eit hint om at Førde ville kunne få ei slik rolle? Lite tyder på det. Men det er i alle fall ei generell forklaring om kva rolla til DU gjekk ut på. Vekstsenter som omgrep var kanskje meir dekkande på fleire område, både industri og samfunnsvekst, poenget med vekstsenter, som på mange måtar skulle fungere som eit regionalt senter. Distriktsutbyggingsfondet skulle gje lån og lånegarantiar til tiltak som auka den faste sysselsettinga i distrikt som hadde dårleg utbygd næringsgrunnlag eller særlege problem med å rekruttere fleire arbeidstakarar (Teigen 2011, s. 190). Korleis var debatten kring denne saka nasjonalt?

2.3 Debatt om vekstsenter på nasjonalt nivå

Med tanke på den politiske situasjonen var det generell semje om å satse på distrikta. I handsaminga av Stortingsmelding nr. 29 (1962-63) vart det lagt vekt på at regjeringa trong

meir ressursar til etablering av vekstsenter. Senterpartiet (SP) var stort sett samd med Arbeidarpartiet (AP) om hovudlinjene bak vekstsentertankegangen. Men når det kom på detaljnivå, var SP usamd i prioriteringane og frykta for at dette ville føre til ei indre regional sentralisering, som ville tappe utkantane for ressursar og arbeidsplassar. Det var ulike strategiar for korleis møte dette. Bakteppet for å sette dette i gang var fråflytting frå distrikta og inn til byane. Det førte til negativ folketalsutvikling. Vekstsenter var svaret frå regjeringa Gerhardsen. Målet var å lette byrdene til utkantane. SP meinte at kvar kommune burde ha eit senter og at folketallet skulle haldast oppe. Senterpartiet hevda då at det var det einaste partiet som hadde dette synet. Dei hevda at Arbeidarpartiet sin politikk ville føre til avfolking av store delar av landet (Madsen 2001, s. 81). Debatten kring industriutbygging i distrikta kom i gang i januar 1961. Arbeidarpartiet hadde byrja å forme ut tankane om at bustadkonsentrasjonar skulle bli industrisenter. SP meinte at i denne saka så gjekk hovudskiljelinjene mellom distriktsutbygging og byutbygging som utarma distrikta. Dei hevda at AP ville byggje nye bysenter for å lette tilflyttingsskapt press på Oslo-området og dei største byane. Innvendingane frå Senterpartiet mot vekstsentertanken gjekk på at det ville skje ei avfolking av bygdene, ei sokalla regional sentralisering (Madsen 2001, s. 82).

Debatten tok ei vending i 1965. AP såg i utgangspunktet for seg regionsenter for industrivekst, men i prosessen valde dei å endre namnet vekstsenter til prøvesenter for å få tilslutnad. Det var på eit vis semje i partia. AP hadde ikkje fleirtal og var avhengig av støtte frå dei andre Stortingspartia for å gjennomføre dette. Det er interessant å sjå motsetnadane og forståinga av røyndomen. Ein kunne vere samd i det store og det heile, men når det gjaldt strategi for å få det til, kunne det vere usemje om verkemiddel som skulle nyttast. Partia såg at var eit problem at det var stor vekst i byane. For at AP skulle vinne fram, måtte dei samlast om eit kompromiss med dei andre partia for å få dette igjennom, der premissane blei endra. Berre Senterpartiet heldt på sin motstand og var det einaste partiet som røysta imot. Dermed kunne regjeringa halde fram å arbeide vidare med prøvesenterplanane (Teigen, 1999, s. 192-193). Distriktsinteressene i denne saka hadde opplagt påverka utforminga av verkemidla i distriktpolitikken.

Del 2. Den spesifikke framstillinga: Utpeikinga av Førde som vekstsenter

Det sentrale spørsmålet vert kva skapte grunnlaget for at Førde blei peika ut som vekstsenter?

4.0 Initiativet

Regjeringa la føringa for at fylkeskommunen skulle finne ein stad der det skulle etablerast prøvesenter. Så vart det peika ut ein stad. 11. mars sende Kommunal- og Arbeidsdepartementet ei utlysing i eit rundskriv til ni fylke om å melde aktuelle kandidatar for prøvesenter. Vidare i skrivet står det at «Føresetnaden er at desse prøvesentra, forutan å bli til nytte for vedkommande distrikt, skal gje røynsler for det vidare arbeidet med distriktsplanlegginga. På bakgrunn av dette rundskrivet har utbyggingsavdelinga hjå Fylkesmannen arbeidt ut ei innstilling dagsett 10. april 1965.¹⁵ Fylket Sogn og Fjordane fekk med dette tilbodet å peike ut prøvesenter og Fylkesmannen fekk i oppgåve å førebu ei sak til Fylkesutvalet og sende innstillinga til departementet. Spørsmålet blir korleis rollene vart fordelt mellom statleg, fylkeskommunalt og kommunalt nivå.

4.1 Vedtaksprosessen i fylket

I høve til sakshandsaminga så har eg diverre ikkje har fått tilgang på sakshandsamingsdokument frå Fylkesmannen sitt arkiv kring spørsmålet om prøvesenter. Det vi veit ut frå opplysningar av Møteprotokollen til Fylkesutvalet om den aktuelle saka er at dei skulle ta stilling til kva stad som skulle peikast ut. Det betyr då at Kommunal- og Arbeidsdepartementet på vegne av regjeringa la saka ut til høyring. Denne saka kom opp på møte i Fylkesutvalet den 21. april same år. Først litt om samansetninga av Fylkesutvalet. Det var representantar frå kommunar med over 6000 innbyggjarar som på den tida var Flora, Stryn, Vågsøy, Årdal og Luster¹⁶. Førde var ikkje med i det utvalet, men var med i Fylkestinget. Fylkesutvalet vedtok å peike ut Førde som prøvesenter i Fylket. Mindretalet som røysta i mot var Anders Bjørk, ordførar i Luster kommune, og han var og gruppeleiar for

¹⁵ Kunngjering kom ut i avisa Firda 2. april, 1965. Tilsvarande kunngjeringar finn vi i avisene Fjordabladet, Firdaposten og Sogningen.

¹⁶ Stryn og Luster nådde ikkje opp til å ha over 6000 innbyggjarar på den tida. Men dei var blant dei folkerikaste kommunane og ikkje langt unna kravet. Truleg rekna ein med at folketalet då ville auke som følge at kommunesamanslåingane i 1964. Kjelde: Engsæter og Thue 1988, og på grunnlag av tal frå Statistisk Sentralbyrå (SSB) 1964).


Senterpartiet i fylkestinget (kjem tilbake til det). Det som skjedde etterpå var at Fylkesutvala vedtok Kommunal- og arbeidsdepartementet sette i verk planen. Det sentrale spørsmål blir om det var naturleg at Førde fekk status som vekstsenter, og i så fall kvifor?

Dette kan bli vere ein studie i korleis sakshandsaminga føregjekk i 1960åra, samanlikna med sakshandsaming i dag, som har ein meir omfattande prosess med krav om konsekvensutgreiingar og ulike høyringar. Samfunnet etter krigen og framover i 1960åra var annleis enn i dag. Byråkratiet var i utvikling som følgje av moderniseringa. Det interessante er korleis det gjekk igjennom og vart akseptert av andre, og eventuelle konflikhtar som oppstod undervegs i prosessen. Det fanst både motstandarar og tilhengarar i denne saka. La oss sjå nærare på dette.

4.2 Talspersonar for vekstsenter i det offentlege ordskifte

I det offentlege ordskiftet hadde statssekretær Ingvald Ulveseth¹⁷, eit innlegg med følgjande tittel: «Utbyggingssentra har ein vid verknad», eit innlegg i Firda, onsdag den 9. juni 1965 (med illustrasjon, sjå på side 16). I innlegget skildrar han situasjonen med flyttestraumen frå distrikta og inn til byar og tettstadar. Statssekretær Ulveseth talar varmt for kvifor ein bør gå inn for val av eit regionscenter, i staden for å satse på fleire små bygdesenter som i følgje han hevdar å ikkje ville kunne demme opp for fråflyttinga. I staden må ein til ein viss grad akseptere flyttestraumen ved å endre busettingsmønsteret. Men, poengterer han, dersom ein skal hindre fråflytting, bør ein satse på livskraftige senter. Ulveseth hevdar at det er brei semje om å satse på ein aktiv distriktspolitikk. Han tek då til orde for ei meir omfattande arealplanlegging på fleire nivå. Det vert då stilt krav om at kommunane skal vere den rette instansen for å få dette til. Ulveseth varslar om ei ny plan og byggjelov som skal kome til våren. Artikkelen vart truleg trykt tidlegare på året, men det kjem ikkje fram når innlegget blei skrive.

¹⁷ Ingvald Ulveseth var statssekretær i Kommunal- og arbeidsdepartementet i Gerhardsen-regjeringa 01.01.1964-01.08.1956, vart seinare Fylkesmann i Sogn og Fjordane 1971-94, les meir om han her: <http://www.stortinget.no/no/Representanter-og-komiteer/Representantene/Representantfordeling/Representant/?perid=INUL> (23.05.13)



(Illustrasjon: Fotoutsnitt/utklipp frå avisa Firda den 9. juni 1965. Dette biletet var knytt til innlegget til statssekretær Ingvald Ulveseth).

Statssekretær Ulveseth talar som kjent varmt for utbyggingssenter knytt til vekstsenter. Denne illustrasjonen er ei skisse frå statssekretæren som syner dei to ulike alternativa til utbyggingssenter. Nr. 2 er eit sentralt utbyggingssenter med kringliggjande bygder som stimulerer til vekst, medan alternativ nr. 1 er fleire jamstore senter som Ulveseth fryktar vil mislukkast. For Ulveseth var alternativ nr. 2, opplagt den løysinga han føretrekte framfor nummer 1). Dette syner at Ulveseth var opplagt ein sterk talsperson for vekstsenter og for ein bestemt modell. Han representerte dei sentrale myndigheitene. Spørsmålet er om det fanst nokon motforestillingar til denne modellen. Etter gjennomgang i avisene dette året¹⁸, fann eg ingen motinnlegg eller kommentarar som ytrar seg mot Ulveseth sin modell. Korleis var aksepten i fylket for at Førde var tenkt til denne rolla?

4.3 Motførestellingar: Kor sterke var dei?

Generelt var det aksept for at Førde fekk prøvesenterstatus. Om det var motreaksjonar mot vekstsenterstatus, så kjem det til uttrykk i Fylkesutvalet den 21. april der Anders Bjørk (Senterpartiet), som var ordførar i Luster kommune, røysta imot at Førde skulle få

¹⁸ Gjeld avisene Firda, Sogningen, Sogns Avis, Firdaposten, Firda Tidene, Fjordabladet.

prøvesenterstatus. Grunngevinga hans for å røyste imot var på prinsipielt grunnlag med at løyvingane som staten yter til distriktsutbygginga bør kome utkantane til gode, og at dersom det først skal etablerast prøvesenter, bør det satsast på fleire senter i fylket.¹⁹

Bjørk sitt syn var langt på veg i tråd med det synet Senterpartiet sentralt førte, og det var kanskje ikkje så rart at denne skepsisen var utbreidd med tanke på kommunesamanslåinga friskt i minnet (Engsæter og Thue 1988, s. 291). Før avrøysting vekte truleg denne saka ordskifte i Fylkesutvalet, men det står ikkje meir om det i møteprotokollen. Heller ikkje i lokalavisene i Sogn og Fjordane står det noko om det. I protokollen fremja Bjørk sitt eige mindretalsforslag, det som står protokollført. Regionalt så viste det seg at Bjørk var den einaste Senterparti-representanten i fylkesutvalet som røysta i mot. Reidar Tveit legg til i intervjuet mitt at rykta vil ha det til at ordførar Mons Monsen i frå Flora kommune ikkje vil la Førde få denne statusen, det var utprega skepsis mot at "naboen" (som seinare skulle bli ein erkerival i aust), Førde, skulle få prøvesenterstatus, fordi dei såg for seg at Førde kunne finne på å ta frå dei næringsgrunnlag. Men så røysta Flora for med eit atterhald: "Men, så får vi no sjå kva dei får til slutt".. Tveit legg til: Ordføraren i Flora, var motstandar av vekstsenter, men hadde ein annan innfallsvinkel. Vi skal syte for at Førde ikkje får noko (Tveit)²⁰.

I høve til den utsegna, har det ikkje kome noko fram korkje i offentlege dokument eller omtale i avisa. Tveit hevda at Leikanger var skeptisk til Førde fekk den statusen, og det var departementet som pressa på for at Fylket måtte bestemme seg. Om dette er hald i er uvisst, for eg har ikkje funne dette omtalt, heller ikkje i offentlege dokument. Konflikt mellom Florø og Førde, kan det vere forskyvd fram i tid (Kjeldstadli 2010, s. 192-193). Men kan denne utsegna tilskrivast konflikten kring sjukehussaka 1970? Førebels har eg ikkje funne opplysningar som kan gje dekning for denne påstanden. Avisa Firda var ei forholdsvis aktiv avis. Men etter våre auge kan ein stille spørsmål kring bruk av kjelde kritikk 1960-talet. På den tida hadde lokalavisa riktig nok berre ein journalist som jobba på heiltid, noko av forklaringa kan skuldast kapasitetsproblem. Men innhaldsmessig var avisa nokså fylldig med stoff. Særleg interessant er det å lese pressemeldingar og intervju med sentrale personar. I mange tilfelle var det i mindre grad lagt opp til oppfølgjings spørsmål. Det er interessant. Det vere lett å dømme dåtida samanlikna med vår tid. Men heller sjå den i lys av si eiga samtid.

¹⁹ Utskrift/kopi frå Møteprotokollen for Fylkesutvalet, sak nr. 98/1965.

²⁰ Intervju med Reidar Tveit, 13.05.13

Men ein skal heller ikkje undervurdere avisa si rolle som ein viktig informasjonskanal (Øye 1993:47-48).

4.4 Kva var motivasjonen til å etablere vekstsenter?

Sidan vi har vore inne i media sitt søkelys. La oss gå meir nærare inn premissane for etablering av vekstsenter og i tilfellet i Sogn og Fjordane.

4.5 Folketalsutvikling

Ei side var at vekstsenter var ei distriktpolitisk satsing for å dempe flyttestraumen til dei store byane. Sogn og Fjordane og ikkje minst Sunnfjord var eit utflyttingsområde. Då vert det naturleg å sjå på folketalsutviklinga. Om ein ser på tal frå Statistisk sentralbyrå så syner dei at fødselsoverskotet ligg på ca. 1000 årleg mellom 1951-1954. Så går det nedover frå 1955 med 906 til 681 i 1965. Dette er i samsvar med utviklinga elles i landet. Den samla folkeauken i Noreg var 0,99% (Nær ein prosent i 1951). Etter 1965 heldt denne trenden fram med variasjonar²¹. Nettoinnflyttinga i åra mellom 1951-1955 er på -4456 (minus). Frå 1956 til 1960 ligg den på -2892. Frå 1961 til 1965 er den på -3027. Fødselsoverskotet syner likevel ein årleg folketilvekst på nokre hundre. Fødselsoverskotet i Sogn og Fjordane går ned til 0,67% i 1965. På landsbasis låg den på 0,83% og trenden heldt fram til 1975.

Folketalet var i 1951 97 714 og passerte 100 000 i 1960, 100 033. Året etter gjekk det ned til 99 957, men frå 1962 har det vore over 100 000 og med 100 826 i 1965. Folketilveksten har etter 1965 vore på nokre hundre årleg særleg etter 1975. Men nettoinnflytting etter 1965 var framleis på minus, dei neste 5 åra frå 1966 til 1970 på -2705. (Statistisk Sentralbyrå) Deretter byrjar kanskje verknadane av vekstsenterpolitikken?

La oss no sjå litt på tala for Førde. Folketalet i Førde var i 1951 på 3080, fødselsoverskotet på 47, ca 1,5%, nettoinnflytting 22 og folketilvekst 69. Fram til 1963 hadde folketalet stige til 3580. I 1964 var grendene på sørsida av Førdefjorden med 265 personar overført frå Naustdal til Førde og 1. januar 1964 var folketalet i Førde 3963. I 1965 var det auka til 4051. Fødselsoverskotet hadde variert ein del gjennom desse åra, men låg i gjennomsnitt på ca 35. Frå 1951 til 1965 låg nettoinnflyttinga på ca 15 i året. Særleg i 1950-åra var det ein del nettoutflytting, men frå 1958 har det vore jamn nettoinnflytting. Frå 1965 auka tilveksten raskt og var fram til 1980 på 2414, i gjennomsnitt 161 pr år. Folketalet var i 1980 7086.

²¹ Statistikk sentralbyrå (SSB) for Sogn og Fjordane, s. 30 og for Noreg, s. 47

Folketilveksten etter 1965 var på 3035. Gjennomsnitts årleg fødselsoverskot var ca 62 og låg i dei fleste åra over 1%. Det var svært sannsynleg eit resultat av vekstsentervedtaket. Då kan det vere grunn til å sjå på kva verknad vekstsenterutpeikinga fekk for nabokommunane.

Korleis påverka vekstsenteret nabokommunane til Førde?

Stikkordsvis kan det illustrerast slik:

Jølster:

Minkande folketal frå 2813 i 1951 til 2055 i 1970. Deretter vekst til 3027 i 1980.

Naustdal:

Stagnasjon i folketalet frå 2163 i 1951 til 2119 i 1973, deretter vekst til 2649 i 1980.

Gaular:

Gjennomgåande stagnasjon, 3039 i 1951, lågast i 1972, 2576, i 1980 2809.

Fjaler:

Stagnasjon, 1951, 3859, på topp 1956, 3903, deretter jamn nedgang til 3351 i 1980.

Askvoll:

Stagnasjon, 3293 i 1951, grenseendring i 1964, 3585, vel 3500 fram til 1970, deretter ned til 3341 i 1980.²²

Konklusjon

I løpet av dei første 15 åra hadde vekstsenteret ein positiv innverknad på folketalet i dei næraste nabokommunane til Førde, mest i Naustdal og Jølster som følgje av pendling til og frå bustader i nærområda i dei to kommunane. I Gaular var verknaden svakare. I Fjaler og Askvoll var det ingen tydeleg verknad av vekstsenteret.

Ei anna side som bør takast med, er å korleis komme seg dit. La oss sjå nærare på føresetnadane for samferdsle som er ei annan side ved dette.

4.6 Samferdsle

Førde var eit vegkryss og ligg geografisk midt i fylket. Det er noko som vert lagt fram i fleire offentlege rapport- og styringsdokument²³ Fylket sitt største busselskap, Firda billag, heldt til i Førde og i 1964 vart det nye Firda billag lagt til Storehagen på nordsida av Førde

²² Tala er henta frå SSB 1982, Kommune og tabellnr: Jølster, nr. 1431, Naustdal, nr. 1430, Askvoll, nr. 1428 og Fjaler, nr. 1429.

²³ Henta frå Kommunearkivet til Førde, som inneheld: Rapport nr. 1. vedr. Førde 1965. Det er ein del av fleire rapportar om opplysningar om Førde: næringsliv, samferdsle og teneste som finst i kommunen.

sentrum. Slik sett så kunne det vere gunstig å leggje eit prøvesenter der. Førde var frå gammalt av eit stort prestegjeld og også embetsmennene møttest i Førde. I tillegg var det allereie i 1960åra konkrete planar om utbygging av både skule og postvesen. Førde fekk på eit vis ein senterfunksjon for indre Sunnfjord. Historisk gjekk hovudvegen frå Vadheim til Førde og blei bygd vidare mot Sandane. Men så hadde det òg tidlegare vore samferdslepolitiske dragkampar om kvar vegen skulle gå, særleg kor den Trondhjemske postveg skule gå, der Leirvik – Dale blei vald ut som trasé i 1785²⁴ (Resultatet blei at vegen gjekk då om Bygstad og vidare mot Førde). Torkjell Djupedal i boka Førde - kulturhistorisk vegvisar går så langt å omtale det slik om vegane:

*Vegkartet for Sogn og Fjordane, anten det er frå 1785, 1864, 1920 eller i dag har det til felles at alle vegar går til Førde. Dess meir vegbygging det har vore, dess meir rett og slett slik at Førde blir trafikknutepunkt i fylket.*²⁵ (Djupedal 1997, 14).

Vegane har utvilsamt vore med å knyte Sogn og Fjordane saman, men dei har òg vore gjenstand for strid og politiske dragkampar om midlane for vegbygging. Noko som ikkje har vore eit ukjent fenomen i dag. Vegane var utvilsamt vore ein viktig faktor for at bygda Førde blei peika ut som vekstsenter²⁶.

5.0 Kva skjedde etter at Førde fekk vekstsenterstatus?

Etter at Førde fekk vekstsenterstatus, blei det sett i gang arbeid med å finne ledige tomter for industriareal. Det blei gjennomført utgreiing og kommunale vedtak av generalplanar, det var og ein del av plan- og byggjelova. Dette kjem fram i offentlege dokument frå kommunen og deira korespondanse med departementet. Boka til Torkjell Djupedal, Førde – kulturhistorisk vegvisar, omtalar 1965 som eit «merkeår» for Førde. I mars i 1965 bad kommunaldepartementet fylka om å peike ut ein eller fleire stadar som kunne kvalifisere seg til å bli prøvesenter for vekst og kunne medverke til vekst i regionen. Førde blei valt ut av fylkesutvalet. Dette vedtaket blei stadfesta og godkjent av kommunaldepartementet same år. I realiteten vart statusen symbolsk sidan det ikkje følgde med øyremerka midlar til Førde. Som følgje av den statlege satsinga på Førde som prøvesenter, vart det stilt krav om

²⁴ Fylkesleksikon for Sogn og Fjordane, bind 1, s. 694 Forlag NRK Arkivum: Oslo/Førde 2010.

²⁵ Førde – Kulturhistorisk vegvisar, Selja Forlag, Førde: 1998: 14

²⁶ I avisa Firda (dato: 27.04, og 04.05) vert fleire av desse faktorane innbyggjartal, samferdsle og næringspolitikk teke med som motiv for prøvesenterstatus (vekstsenter).

planlegging av bygda Førde til å bli tettstad²⁷. For å møte veksten blei det behov for fleire bustadar. Dei områda som blei bygd ut først var Bergum, Haugum og Hundvebakke nord for sentrum og Hallbrendslia i sørvest. Det blei lagt fram detaljerte byggeplanar. Desse planane var detaljert byprega, med forretningsbygg på 3 til 4 etasjar (ifj. Tveit). I realiteten blei det frislepp med tanke på kor ein fekk lov til å bygge. Resultatet vart dårleg arealutnytting. Gamle bygg måtte vike for moderne bygg. Ei annan side var utbygging av offentlege institusjonar, skule og postvesen, og Førde var allereie i vekst i byrjinga av 1960åra (Djupedal 1998, s. 13). Men vekstsenterstatusen sette nok fart på utviklinga av veksten i Førde.

5.1 Etablering av SIVA og vegen vidare

Meir reell blei statusen då Statens Industrivekstanlegg (SIVA) i 1968 gjorde vedtak om å satse på ei storstilt utbygging av Øyrane i Førde. Der skulle det kome skipsverft så vel som konfeksjonsindustri. Intensjonen var at denne typen industri skulle vere «motoren» i utviklinga av vekstsenteret som og blei omtala som fylkessenter. Ankerløkken og seinare Kværner har vore nøkkelbedrifter som kom på 1970-talet. Etter kvart kom og varehandelen og oppbygging av ulike sørvisinstitusjonar. (Djupedal 1998 s. 41-43). Vekstsenteret sette fart i utviklinga i regi av regjeringa ved Kommunal- og arbeidsdepartementet. Grunnlaget for å etablere vekstsenter var medverkande til å sette dette i gang. Førde fekk rolla som fylkessenter, men kva ligg i dette omgrepet? Kulturavdeling og sentrale fylkeskommunale og statlege institusjonar vart lagt til Førde. I intervjuet med tidlegare ordførar Reidar Tveit hevdar han at vekstsenter var god reklame for Førde og trekte til seg nyetableringar (Tveit, Førund 2001, s. 6-7). Og det kan vere noko i det. Forklaringane er fleire. Det skal eg ikkje kome inn på i denne oppgåva.

²⁷ Noko meir utgreiing tilhøva i Førde kjem fram i ein artikkel i Firda den 27. april, og 4. mai 1965, med intervju av statssekretær i Landbruksdepartementet Oskar Øksnes (Ap) som vitjar Førde i samband med 1.mai-fering, der han stilte som hovudtalar.

6.0 Avslutning

Eg har teke for meg følgjande problemstilling:

Kva var årsaka til at Førde blei peika ut som vekstsenter? Korleis blei vekstsentersaka fremja? Korleis var prosessen for utpeikinga? Og korleis blei saka motteken i fylket og lokalt?

For å forstå dette valde eg å ta for meg den allmenne så vel som den spesifikke framstillinga for å forstå det. Noreg etter krigen var frå 1945 til 1961 prega av regionale satsingar i samanheng med attreising av landet samt industrireising der Staten spela ei stor rolle. Dette var særleg i Nord-Noreg og delvis i Trøndelag og på Nordvestlandet. Sjølv med ei storstilt industrireising var ikkje dette nok for å stogge flyttestraumen frå distrikta og inn til byane. Distriktenes utbyggingsfond blei oppretta for å inkludere heile landet og gjekk frå å vere eit industrifond til å gje aktivt bidrag til næringsutvikling ved hjelp av finansieringshjelp (lån og garantiar) og anna støtte. Korleis vart vekstsentertankegangen fremja, og kva verkemidlar blei brukt for å få det til? Så vert det å sjå nærare på prosessen for utpeikinga av dei som fekk status. Eg har kome fram til at dette kan sjåast i samanheng med distriktpolitikken til regjeringa og at dette var eit resultat av impulsar frå utlandet som blei tilpassa etter norske forhold, dette var bakgrunnen for vekstsenterordninga. Det er interessant å sjå korleis dei i samtida argumenterte for at Førde skal bli eit vekstsenter. Er det naturleg at Førde blei det, og i så fall kvifor? Vekstsenter var ein strategi for å bremse fråflyttinga frå distrikta og inn til dei store byane. Dette var det brei semje om mellom dei ulike politiske partia med unntak av Senterpartiet som røysta imot både på Stortinget og den eine Sp-representanten Anders Bjørk i Fylkesutvalet. Grunngevinga deira var frykta for regional sentralisering, som kanskje ikkje var så unaturleg med tanke på kommunesamanslåinga leia av Schei-komiteen friskt i minne i åra før. Det interessante er korleis sakshandsaminga og vedtaket føregjekk på den tida, i 1965. Regjering ved kommunaldepartementet legg saka ut til høyring der fylkeskommunen kjem med forslag til senter der det var naturleg for vekst. Fylkesutvala vedtek og kommunaldepartementet set i verk planen. Korleis er rollene fordelt mellom statleg, fylkeskommunalt og kommunal nivå? Det er opplagt interessant å sjå korleis dei argumenterte for at Førde skal bli eit prøvesenter og sjå argumenta både for og imot. I perspektiv så kan det vere interessant å sjå korleis vekstsenterstatusen i ettertida har fått for

Førde. Det opne spørsmålet blir, ville utviklinga blitt annleis om Førde ikkje hadde fått den statusen?

Det som er sikkert er at Førde har nytt godt av statusen med sentrale administrative einingar, kommunale, fylkeskommunale og statlege institusjonar, i tillegg til å bli ein viktig sørvis- og handelsstad midt i fylket.

Om eg ikkje har funne svar på alle spørsmål, så kan dette arbeidet vere eit godt grunnlag for vidare studiar om dette emnet.

6.1 Etterord

I ettertid, etter eksamen som vart gjennomført den 13.08.13, har det dukka opp tankar i hovudet mitt kring arbeidsprosessen i bacheloroppgåva. Den oppgåva som eg valde var interessant og lærerik. Historie er viktig å formidle både fjern, men ikkje minst vår nære historie må forteljast før den vert gløymd. Det er fort gjort å ta ting for gitt dersom ein ikkje tek tak i dei, som emnet som eg tok for meg, som var kva som var årsaka til at Førde blei peika ut. Fleire moment kunne sikkert takast med. Mellom anna spørsmål om kva utpeikinga av Førde som vekstsenter kunne ha å seie for regional identitet. Kunne det sjåast i samanheng med ei regionalisering og å gjere Førde til ein framtidig fylkeshovudstad? Etter det eg har registret var ikkje tanken om fylkeshovudstad særleg framtreddande i 1960åra. Kanskje ein og annan som ytra seg for dette, helst etter vekstsenteretableringa. Men det var ingen tydelege krav. Emnet er eit interessant, men samansett spørsmål som eg trur kan vere ei eiga drøftingsoppgåve som kan trekkast inn seinare om verknad av vekstsenterutpeikinga.

Eg svært takksam for hjelpa frå Oddmund Løkensgard Hoel som var min rettleiar i oppgåveskrivinga og var til stor hjelp i skriveprosessen frå start til ferdig produkt. Så vil eg og takke Førde kommune og Fylkesarkivet for innsyn i arkivmateriale, og biblioteket i Sogndal og Førde for utlån av aviser og rettleiing om bruk av mikrofilm. Intervjuet med tidlegare ordførar Reidar Tveit var særst nyttig. Om ein vil lese meir om emnet vekst og utvikling av Førde kan eg nemne bacheloroppgåva: "Sentrumsutviklinga i Førde ca. 1600 – 2009"²⁸, som er skriven av Haakon Breien. Elles vil eg nemne at det finst eit fjernsynsprogram som eg kom over i sommar i år. Dette vart sendt i NRK den 23. august 1966 og heiter "Førde – et sentrum i Sogn og Fjordane"²⁹. Den tek for seg emnet vekstsenter og om Førde med intervju av nokre sentrale personar. Det kan vere interessant å undersøke i samband med seinare oppgåver.

Førde 2013.

Sigbjørn Løland Torpe.

²⁸ Bacheloroppgåva kan lånast på biblioteket på Høgskulen i Sogn og Fjordane og Fylkesbibliotek i Førde. Det finst og ein kortversjon av oppgåva (med same tittel) i "Førde - Historieskrift 2009", utgj. Førde Historielag.

²⁹ "Førde – et sentrum i Sogn og Fjordane" låg ute nettsida til NRK Sogn og Fjordane, http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_sogn_og_fjordane/fylkesleksikon/2079581.html (med omtale, men opptaka av programmet er fjerna frå heimesida).

7.0 Litteraturliste og kjelder

7.1 Skriftlege kjelder:

7.2 Sekundærkjelde:

Bøker, tidsskrifter og avhandling:

Djupedal, Torkjell. *Førde – kulturhistorisk vegvisar*, Selja Forlag, Førde 1997

Engsærter, Aage og Thue, Johs. B. Sogn og Fjordane Fylkeskommune gjennom 150 år, Det Norske Samlaget, Oslo 1988

Kjeldstadli, Knut, *Fortida er ikke hva den en gang var*, Universitetsforlaget, Oslo 2010

Madsen, Roar. Motstraums – Senterpartiets Historie 1920-2000, bind 2., Det Norske Samlaget, Oslo 2001

Nyhamar, Jostein. Arbeider bevegelsens historie i Norge: Nye utfordringer (1965-1990) bind 6., Tiden Norsk forlag A/S, Oslo 1990

Starheim, Ottar (red.) *Fylkesleksikonet, bind 1*, NRK, Førde/Oslo 2007

Teigen, Håvard. *Regional økonomi og politikk*, Universitetsforlaget, Oslo 1999

Teigen, Håvard. Artikkel: *Distriktspolitikk gjennom 50 år – Strategane og avviklinga*, Nytt Norsk Tidsskrift 2012/nr. 2,

Teigen, Håvard. Artikkel: *Distriktspolitikkens historie: Frå nasjonal strategi til regional fragmentering?* Plan nr. 06/2011.

Thomasen, Øyvind. *Herlege tider – Norsk fysisk planlegging ca. 1930-1965*, Senter for teknologi og samfunn (STS), rapport nr. 31, Noregs Teknisk naturvitenskaplege Universitet (NTNU), Dragvoll, Trondheim 1996.

Øye, Olav-Johan. *Hovudfagsoppgåve (publikasjon nr. 45): Ei lokalavis i utvikling – Lokaljournalistikk i Firda gjennom 40 år*, Møre og Romsdal Distriktshøgskule, Volda 1993.

Internett:

Illustrasjon/Framsidediletet til bacheloroppgåva er henta frå:

<http://gfx.nrk.no/EZK7C7zd5bZMQijQO46JIQphJz306DWE5ImS3hDHDyA.jpg> (Sett den 23.05.13).

Fylkesleksikon (nettutgåva) <http://www.nrk.no/sf/leksikon/index.php/F%C3%B8rde>

Personar:

Ingvald Ulveseth (person) <http://www.stortinget.no/no/Representanter-og-komiteer/Representantene/Representantfordeling/Representant/?perid=INUL>

Jostein Nyhamar, http://nbl.snl.no/Jostein_Nyhamar/utdypning

Roar Madsen, <http://www.ntnu.no/ansatte/roarma>

Håvard Teigen,

http://www.hil.no/om_hoegskolen/organisasjon/fagavdelinger/oekonomi_og_organisasjonsvitenskap/faglig_ansatte/haavard_teigen

Øyvind Thomassen, <http://www.ntnu.no/ansatte/oyvind.thomassen>

7.3 Primærkjelde:

7.4 Aviser:

Firda: 02.04.65, 23.04.65, 09.06.65

Sogningen: 23.04.65

Sogns Avis: 23.04.65

Sogn og Fjordane: 23.04.65

Firda Folkeblad: 23.04.65

Firdaposten: 23.04.65

Fjordabladet: 23.04.65

7.5 Offentlege dokument - arkiv:

Førde kommune: Rapport om Førde med 2 vedlegg.

Førde kommune: Distriktplanlegginga – utvikling av sentra i Sogn og Fjordane.

Fylkesarkivet: Møteprotokoll frå Fylkesutvalet den 21. april 1965, saknr. 98/1965

7.6 Munnleg kjelde:

7.7 Intervju/samtale:

Reidar Tveit den 13.05.13

Reidar Tveit var tidlegare distriktstannlege og ordførar i Førde frå 1968 til 1979.

Kopi av intervjuguide av Finn Borgen Førsund